



Radøy Kommune

5931 MANGER

Unntatt offentlighet jf. Offl § 13 (1) jf fvl § 13 (1) nr.2

Deres ref:

Vår ref: 15/09447-52

Dato: 15.12.2015

Etablering av mottak for einslege mindreårige asylsøkjere i Radøy kommune

Vi syner til tidlegare kontakt i saka og stadfestar med dette at Norsk Mottaksdrift AS er tildelt kontrakt på drift av eit mottak for einslege mindreårige asylsøkjere i Radøy kommune.

Mottaket vil ha ein kapasitet på 40 plassar med to opsjonar à 10 plasser. Oppstart vil vere seinast 01.01.2016. Det må leggjast til grunn at opsjonsplassane vert tekne i bruk frå oppstart. Avtala har ei lengd på tre år, med opsjon på forlenging i tre år.

Kommunen vil få eit tilskot som skal dekkje dei gjennomsnittlege utgiftene til helsetenester, barnevern, tolk og administrasjon som følgje av at der er mottak i kommunen. Sjå nærmare om dette i vedlagte *RS 2011-025 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller omsorgssenter*. Dette rundskrivet, samt rundskriv som regulerer drifta av asylmottak, er å finna på www.udiregelverk.no.

Vertskommunetilskotet er samansett av ein grunnsats og ein pris per plass. Grunnsatsen er i 2015 kr 506 877 og for plassar for einslege mindreårige er satsen kr 14 370, (jf. revidert nasjonalbudsjettet 07.10.15).

Satsane for 2016 vert fastsatt gjennom statsbudsjettet, som enda ikkje er vedteke. Med atterhald om at det endelege budsjettet vert vedteke i samsvar med Prop. 1 S, Prp. 1 S Tillegg 1 og budsjettavtalen mellom regjeringspartia, Venstre og Kristeleg Folkeparti, vil satsane for 2016 vere:

Grunnsats: kr 608 252 per år.

Plassar for einslege mindreårige: kr 14370 per plass per år.

Tilskot vert utbetalt automatisk og utan at kommunen treng å søkje om det.

Vennleg helsing

Atle Berge
Regiondirektør

Oscar Nilssen
Rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk i Utlendingsdirektoratet og har derfor ingen signatur.

Vedlegg: RS 2011-025 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller omsorgssenter.
